



Saksbehandlar: Frode Hovland, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/5553-2

## **Høyring - nytt system for kapasitetsjusteringar i lakse- og aureoppdrett**

**Fylkesdirektøren for næring og kultur rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at det er eit rettmessig krav frå styresmaktene at miljøutfordringane må løysast før vidare vekst.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at modellen som skal predikere lusepåverknaden i eit produksjonsområde må vere ferdig utvikla før innføring av det nye vekstsystemet.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune føreslår å kalle det beredskapsområde i staden for produksjonsområde og tillate vekst til alle anna kvart år. Dersom modelleringa til Havforskinsinstituttet og ev andre avdekker store utfordringar i eit område, trer ein inn med tiltak i det bestemte beredskapsområdet.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Nærings- og Fiskeridepartementet har føreslått å etablere 12 produksjonsområde for laks og aure langs kysten av Norge. Sogn og Fjordane vil i all hovudsak vere i område 3, som går frå Nordhordland til Stad. Tal lakselus på vill laksefisk skal vere den miljøindikatoren som avgjer om eit område er akzeptabelt, moderat eller uakzeptabelt miljøpåverka. Det skal utarbeidast ein modell for å predikere lusepåverknaden i produksjonsområdet. Dette vil avgjere om ein kan tillate 6% auke i oppdrettsbiomassen annakvart år, eller om ein skal fryse eller redusere biomassen og ikkje tillate vekst i produksjonsområdet.

### **2. Bakgrunn for saka**

Sogn og Fjordane fylkeskommune mottok 24.06.2016 høyringsnotat frå Nærings- og fiskeridepartementet om implementering av Meld. St. 16 (2014 - 2015). Høyringsfrist er 21.09.2016. Vi har fått høve til å levere vår fråsegn etter hovudutvalsmøtet 27.september.

Gjennom endring av regelverket ynskjer ein å gje oppdrettsnæringa føreseielege rammevilkår for vekst, der ein samstundes skal ta omsyn til miljøutfordringane. Kommersielle akvakulturløyve for matfisk av laks, aure og regnbogeaure, er i forslaget tenkt plassert i 12 ulike produksjonsområde langs Norskekysten.

Sogn og Fjordane ligg i hovudsak i område 3, som strekkjer seg frå Nordhordland til Stad. Fastsetting av grensa i sør var utfordrande, men fagrapporten identifiserer lite utveksling av lakselus ved Sotra. Den nordlige grensa for området er sett ved Stad, der Sildegapet og Stadlandet utgjer ei naturlig grense.

### **Historikk - tidlegare vedtak**

#### Kort oversikt over produksjonsauke i lakse- og aureoppdrett i Norge:

- 1973 Midlertidig lov om fiskeoppdrett vart fastsatt (for 287 anlegg)
- 1975 Restriksjonar på etablering av oppdrettsanlegg vert innført (5000 m<sup>3</sup> mot 8000 m<sup>3</sup> tidlegare)
- 1977 Tildeling av 91 løyver (i perioden 1973 til 1977)
- 1977 Konsesjonsstopp
- 1981 Tildeling av 50 løyve à 3000 m<sup>3</sup>
- 1984 Tildeling av 100 løyve à 5000 m<sup>3</sup>, og anlegg mindre enn 3000 m<sup>3</sup> fekk utvide
- 1985 Tildeling av 150 løyve à 8000 m<sup>3</sup>
- 1989 Tildeling av 30 løyve à 12000m<sup>3</sup> (Troms og Finnmark)
- 2002 Tildeling av 41 løyve (vederlag og kriterier for søkerane)
- 2003 Tildeling av 60 løyve (vederlag og kriterier for søkerane)
- 2005 innføring av MTB (maksimum tillatt biomasse), som opna for ei 30 % auke i produksjonen (frå avgrensing av merdvolum til avgrensning gjennom kor mange fisk (kg) som kan stå i sjøen)
- 2006 Tildeling av 10 løyve i Finnmark (vederlag)
- 2009 Tildeling av 65 løyve (vederlag og kriterier for søkerane)
- 2011 5 % kapasitetsauke av MTB i Troms og Finnmark (vederlag)
- 2013 Tildeling av 45 «grøne» løyve (vederlag og kriterier for søkerane)
- 2014 5 % kapasitetsauke av MTB (vederlag og kriterier for søkerane)
- 2016 Bremnes modellen, gjennomsnittleg MTB (vederlag og kriterier for søkerane)

### **Sentrale problemstillingar**

Norsk lakse- og regnbogeaureoppdrett er nær ved å utnytte produksjonskapasiteten fullt ut med dei konsesjonane som finst i dag. Ytterlegare vekst føreset i stor grad nye løyve eller auka kapasitet på eksisterande løyve. Det er samtidig nødvendig å løyse miljøutfordringane havbruksnæringa møter, for å legge til rette for ein mest mogleg effektiv og berekraftig produksjon i eit langsigkt perspektiv.

Veksten vert føreslått avgjort ut frå ein handlingsregel, basert på ulike miljøindikatorar som t.d. lakselus eller utslepp. Dette føreset at det vert oppretta produksjonsområde, der handlingsregelen kan fungere som eit trafikklys; der området med «grønt lys» opnar for vekst, «gult lys» betyr status quo og i områda som får «raudt lys» må produksjonen reduserast. Tanken er at dette vil gje oppdrettarane ein meir føreseieleg vekst, og samtidig motivere aktørane til å redusere graden av miljøpåverknad i sine eige produksjonsområde.

Vekst basert på handlingsregel representerer ein ny måte å tenke vekst på i lakseoppdrett.

### **3. Vurderingar og konsekvensar**

Det nye systemet inneber at det skal opprettast geografisk åtskilde produksjonsområde og kvart enkelt løyve til lakseoppdrett skal knytast til eitt av desse områda. Kapasiteten på det enkelte løyvet skal regulerast avhengig av kor mykje ein påverkar miljøet innanfor det enkelte produksjonsområde. Fleire selskap er i same produksjonsområde og ordninga inneber at selskapa kollektivt står til ansvar for miljøpåverknaden og eventuelt kollektivt «straffast» dersom eitt eller fleire selskap i området bidreg til for høg førekomst av lakselus.

Lakselus skal i første omgang vere den miljøindikatoren som avgjer om eit område er akseptabelt, moderat eller uakseptabelt miljøpåverka. Det skal utarbeidast ein modell som skal predikere lusepåverknaden i kvart produksjonsområdet. Andre miljøparameter (som til dømes utslepp frå oppdrettsanlegg), kan takast inn som indikator på eit seinare tidspunkt. Systemet er modulbasert, der ein no i byrjinga utviklar og set inn ein modul for lakselus. Avhengig av framtidig utvikling kan nye indikatormodular settast inn åleine eller saman med lakselus.

Dette er meint å vere meir føreseieleg for næringsaktørane ved at det på førehand er kjent kor ofte og når justering av biomasse skal vurderast, og kva som skjer når miljøpåverknaden er akseptabel, moderat eller uakseptabel. Dette vil bli gjennomført i form av ein eller fleire handlingsregler. Kapasitetsjusteringane vil vere på 6 % anna kvart år mot vederlag.

Det vil også kunne bli tildelt nye løyve i «grøne» område, jf. § 11 i forskriftsutkastet. Vederlag for 6% vekst og nye løyver vil bli fordelt med 20% til staten og 80% til kommunal sektor, derav 10 % til fylkeskommunen.

Avgjerala om miljøpåverknaden i eit område er akseptabel, moderat eller uakseptabel vil bli fatta av departementet på bakgrunn av vurderingar frå blant anna fagstyresmaktar.

Beslutningsprosessen vil grovt sett sjå slik ut:

- 1) Modell som predikerer lusebelastning i eit produksjonsområde vert kjørt
  - 2) Modellen gjev ein farge for området (trafikklys)
  - 3) Dette gjev eit grunnlag for avgjerala til departementet
  - 4) Relevante etatar og institutt kan gje assistanse til å tolke/vurdere dette grunnlaget for avgjerala
  - 5) Departementet fattar avgjerd om vekst, frys eller reduksjon i det enkelte produksjonsområde
  - 6) I den grad avgjera får budsjettmessige konsekvensar for staten, dvs. at det tillates vekst mot vederlag, vil Stortinget ta stilling til de budsjettmessige konsekvensane
- Det nye systemet for vekst legg også opp til unnatak for handlingsregelen. Det betyr at løyve som er plassert i produksjonsområde der produksjonskapasiteten skal nedregulerast 6 % eller frysast, likevel kan vekse 6 % anna kvart år så lenge dei oppfyller to gjevne kriterier:
1. at løyvet vert drifta slik at det er svært lite lakselus på fisken i anlegget
  2. at løyvet vert drifta slik at mengda lakselusegg og - larvar som vert slept ut i de frie vassmassane vert redusert.

Det må søkast om dette til Fiskeridirektoratet.

Dette synast som ei grei ordning og Sogn og Fjordane fylkeskommune bør ikkje ha innvendingar mot dette.

Det vert vidare lagt opp til vidareføring av ordninga med interregionalt biomassetak i det nye vekstsystemet, slik at ein produsent kan ha løyver i to produksjonsområde. Sogn og Fjordane har ingen selskap med interregionalt biomassetak, vi har difor ingen synspunkt knytt til vidareføring av denne ordninga i det nye vekstsystemet.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser at overvaking av lus på vill laksefisk har utfordringar i høve til resultatet sin validitet. Vi ber difor om at ein baserer vekstsystemet på meir enn rusefangst av vill laksesmolt.

Vidare vil vi nemne at fylkeskommunen og Fylkesmannen i 2012 sette vilkår om ekstra overvaking på ville laksebestandar i form av rusefanga smolt, for å vurdere om ein kunne tillate utviding og nye lokalitetar i Sognefjorden. Dette fekk vi ikkje sett i system, då Fiskeridirektoratet oppheva vilkåret i løylene vi ga. Dette kunne då vore eit pilotprosjekt for den nye vekstmodellen.

Sogn og Fjordane fylkeskommune ser at innføringa av dette systemet kan framstå som noko innvikla og byråkratisk. Vi er likevel samde i at ein må ta miljøutfordringane på alvor, og er positive til at modellen vert prøvd ut. Modellen bør evaluerast om t.d. 5-6 år for å sjå om den faktisk bidreg til forbetra miljøtilstand.

Vi meiner og at «beredskapsområde» kan vere betre karakteristikk av dei ulike sonene enn «produksjonsområder» som vert nyttta i høyringsutkastet.

#### Andre kommentarar til høyringsutkastet

Salmon Group (der dei aller fleste av våre små og mellomstore selskap er medlem) peiker på at føreseielege rammer for *drift* like viktig som føreseielege rammer for vekst. Dei ynskjer auka fokus på «driftskriterium» og mindre på «vekst», og viser vidare til at regelverket for god og bærekraftig drift ligg der allereie i dag, men at dette må handterast på ein effektiv måte. Det er viktig i denne samanheng å styrke fagetataane sin kapasitet og for å få ei effektiv forvalting av oppdrettsnæringa.

#### **4. Konklusjon**

Sogn og Fjordane fylkeskommune er samde i at miljøutfordringane for oppdrettsnæringa må løysast, og ser at gjevne rammer for drift og vekst kanskje kan bidra til dette. Vi er difor positive til at modellen kan prøvast ut, men anbefaler at modellen vert evaluert etter 5-6 år for å etterprøve om den faktisk ha ønska effekt.

Vi meiner at modellen som skal predikere lusepåverknaden i eit produksjonsområde må vere klar *før* innføring av det nye vekstsystemet i lakse- og aureoppdrett. Vi ser at overvaking av lus på vill laksefisk har utfordringar i høve til resultatet sin validitet. Vi ber difor om at ein baserer vekstsystemet på meir enn rusefangst av vill laksesmolt.

Sogn og Fjordane fylkeskommune føreslår å kalle sonene beredskapsområde i staden for produksjonsområde. Med vårt forslag om å tillate vekst til alle annakvart år og sette inn tiltak ved store miljøutfordringar, meiner vi at beredskapsområde er eit betre omgrep enn produksjonsområde.